



Delta Bolig Prosjektering AS
Grøvlesvingen 29
5108 HORDVIK

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/1573 - 17/12213

Saksbehandlar:
Stian Marøy
Stian.Maroy@radoy.kommune.no

Dato:
11.10.2017

Byggesak Gbnr 45/415 Manger - tomannsbustad - endring av løyve til tiltak

Delegasjonssak nr.: 238/2017

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

Adresse : **Selfallet 109 - 111**
Tiltakshavar : Gaute Helland
Ansvarleg søker : Delta Bolig Prosjektering AS
Søknadstype : Søknad om endring av gitt løyve

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve for oppføring av tomannsbustad på eigedom Gbnr. 45/415 Manger.

Det er gjeve rammeløyve for oppføring av tomannsbustad med frittstående boder i vedtak 278/2016 datert 18.10.2016.

I vedtak 017/2017 datert 30.01.2017 vart det gjeve løyve til igangsetjing av grunnarbeid og utvendig VVS-arbeid.

I vedtak 136/2017 datert 26.05.2017 vart det gjeve løyve til igangsetjing av resten av tiltaket (oppmåling, tømrararbeid, våtrom, lufttettleik og betongarbeid).

Det vert elles vist til søknad mottatt 27.09.2017 med tilleggsdokumentasjon 04.10.2017 og 10.10.2017.

Nabovarsel

Endra plassering og tiltak er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Endringane er vist i situasjonsplan V2 med revisjonsdato 10.10.17

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med Forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK10).

VURDERING/GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET:

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Føretaket **Arne-Geir Aasheim**, org.nr. 988 426 911, har erklært ansvarsrett for ansvarsområde PRO støttemur.

Føretaket har delvis sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Arne-Geir Aasheim**, org.nr. 988 426 911, har erklært ansvarsrett for ansvarsområde UTF støttemur.

Føretaket har delvis sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

FØRETAK	S	FUNKSJON	TILT.KL	ANSVAR SOMRÅDE
Arne-Geir Aasheim , org.nr. 988 426 911		PRO	1	Støttemur
Arne-Geir Aasheim , org.nr. 988 426 911		UTF	1	Støttemur

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 10.10.2017 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 a, 20-2 a og 20-3 vert det GODKJENT søknad om endring av løyve som omsøkt på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i søknaden, med heimel i pbl. § 29-4.
2. Vilkår sett i tidligare løyve gjeld framleis.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 30.03.17 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 10.2.10	Delt sakshandsaming	kr	<u>3 200</u>
		Totalsum	kr 3 200

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf plan- og bygningslova § 21-4, sjetle ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjer stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det gjenstår mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere gjenståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillende tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 16/1573

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen

skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt ingeniør/byggjesakshandsamar Stian Marøy.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Stian Marøy
ingeniør/byggjesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Gaute Helland

Hellandsneset 91 5936
B

MANGER

Mottakere:

Delta Bolig Prosjektering AS

Grøvlesvingen 29 5108

HORDVIK